



■ notat

| | |
|-----------------------|--------------------|
| Frå: | Til: |
| Samferdselsdirektøren | Samferdselsutvalet |
| Dato: | Ref: |
| 15.02.2023 | 18162/2023, 243 |

Endringar i FRAM sitt tilbod om bestillingstransport

Bakgrunn

Fylkestinget behandla i møte 12. desember 2022 forslaget til økonomiplan for 2023-2027. Forslaget til økonomiplan inneheldt ulike innspåringsforslag.

Eit av forslaga frå administrasjonen var å kutte ut all bestillingstransport i 2023, då bestillingstransport ikkje er ei lovpålagt oppgåve (jfr. SA-106/22). Dette vil gi ei innsparing på 3 millionar kroner.

I vedtatt økonomiplan (jfr. T-107/22) vart det tilført 6,5 millionar kroner for å unngå prisauke på FRAM Ung og hurtigbåt. Av dette var det ønske om å bruke 2,1 millionar kroner på bestillingstransport der det er hensiktsmessig.

Ut frå dette har FRAM kome fram til at det må gjerast kutt i bestillingstransporten i 2023. I tillegg blir det gjort ei justering av prisane for å få same prisar i heile fylket og harmonisere alderskategoriane slik at dei er lik som på buss.

Ny prising som er lik for heile fylket frå 1. april 2023

Fram til no har bestillingstransport vore prisa slik at barn heilt opp til 17 år har reist gratis. For vaksne har hovudregelen vore ein pris på 50 kroner per tur, med unntak av enkelte ruter som har hatt same pris som busstakst. Det har ikkje vore skilnad på vaksen og honnør.

Frå 1. april 2023 blir all bestillingstransport prisa likt i heile fylket og prisane gjeld alle typar transport som er inkludert i FRAM bestillingstransport, dvs. tilbringartransport, servicetransport og «natt».

Aldersgrensene blir dei same som for buss, noko som gjer det meir føreseieleg for publikum.

Slik blir prisane:

- Vaksen: kr 50,00.
- Honnør og barn 6-17 år (fram til dagen dei fyller 18 år): kr 25,00.
- Barn under 6 år reiser gratis i følge med vaksne.
- Det er ikkje studentrabatt på bestillingstransport.
- Dei reisande betalar til sjåføren med kort eller kontantar. Periodebillettar gjeld ikkje.

Honnørpris vil gi ei viss reduksjon i inntektene, medan det vil bli ei auke fordi barn under 18 år må betale. Vi forventar at desse to tiltaka utjamnar kvarandre.

Merk! Ordninga «Trygt heim for ein 50-lapp» som finns i enkelte område, er foreløpig ikkje integrert med den «vanlege» bestillingstransporten. Her vil prisen framleis vere 50 kroner per person, uansett alder.

Reduksjon i tilbodet frå 1. juni 2023

Det har det siste året vore jobba mykje med bestillingstransport hos FRAM. Vi har starta prosessen med å få bestillingstransporten inn i eit nytt bestillingssystem, og vi har jobba med avtaler med kommunar om samfinansiering og me operatørar for å få bestillingstransporten inn i driftskontrakter. Vi har og lagt planar for vidare utvikling av tilbodet. Planen var å få alt inn i nytt system i løpet av 2023 og starte meir marknadsføring av tilbodet slik at det kunne bli betre kjent.

Den økonomiske situasjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune gjer at vi må legge om på desse planane. FRAM må gjere store kutt både på buss og ferje, og det må også gjerast kutt i bestillingstransporten. Foreløpig set vi enkelte område «på pause» frå 1. juni 2023.

Vi vil heller ikkje satse på marknadsføring av bestillingstransport i 2023, med unntak av informasjon om dei endringane som blir gjort.

Vi håpar å kunne starte opp igjen i fleire område i 2024 og også starte marknadsføring. Dette føreset at den økonomiske situasjonen blir betre i 2024.

I desse områda blir bestillingstransporten sett på pause frå 1. juni 2023

- Hustadvika
- Molde (Mordalsvågen)
- Rauma
- Skåla (Molde)
- Smøla
- Tingvoll
- Volda (unntatt flyplasstransport)

I desse områda vil det framleis vere bestillingstransport

Aure

Her ligg bestillingstransport inne i ny kontrakt for buss som startar 1. januar 2024 med eit revidert opplegg samanlikna med i dag. Opplegget må klargjerast i god tid før dette, så målet er å starte med nytt opplegg allereie i haust. Då er det lite hensiktsmessig å stoppe bestillingstransporten i ein kort periode.

Tilbodet «Natt» blir sett på pause frå 1. mars fram til vi er over i nytt teknisk system. Dette fordi nye opningstider for kundesenteret ikkje gjer det mogleg å tilby rimelege tidsfristar for bestilling for denne transporten.

Kristiansund

Kristiansund ligg og inne i rutepakke 2 og ny kontrakt som startar 1. januar 2024. Tilbodet her vil derfor bli vidareført på linje med Aure.

Haram

Bestillingstransporten i Haram er eit pilotprosjekt som brukar nytt bestillingssystem og som er første område er bestillingstransport er blitt tatt inn i eksisterande operatørkontrakt.

Herøy

Herøy kommune har politisk vedtak om samfinansiering av bestillingstransporten. Tilbodet i Herøy blir derfor oppretthalde, moglegvis med nokre justeringar.

Tilbodet «Natt» blir sett på pause frå 1. mars fram til vi er over i nytt teknisk system. Dette fordi nye opningstider for kundesenteret ikkje gjer det mogleg å tilby rimelege tidsfristar for bestilling for denne transporten.

Ørsta

Flyplasstransporten er viktig for testing av nytt bestillingssystem og vil bli oppretthalden. Andre ruter føreset kommunal samfinansiering.

Volda

Flyplasstransporten vil bli oppretthalden.